



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato
27.03.2014
Dykkar dato
10.03.2014

Vår referanse
2014/3316 421.3
Dykkar referanse
14/644

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til restaurering og innreiing av gamal sjøbu - Radøy - Gnr 84 Bnr 7 og 16 - Vetås - Haukeland søndre

Vi syner til kommunen sitt brev, dagsett 10.03.2014. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova 1-8, «forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag».

Det er søkt om innreiing av naust til rorbu for utleige. Etablering av to flytebryggjer, ny kai og fasadeendring av naust.

Det kjem ikkje fram av saksdokumenta kor mange utleigeeiningar det snakk om. Det er ikkje vist korleis søkjar ønskjer å løyse parkering eller tilkomst til nausta. Det er heller ikkje gjort ei risikoanalyse av tiltaket i forhold til havstigning, sia nausta ligg heilt i sjøsjiktet. Slik fylkesmannen ser det, er det fleire omsyn som må takast i vare; vei, parkering, antall einingar, etc. Desse elementa kan best takast i vare via plan. Vi ber difor kommunen om at dersom dei ønskjer seg næring i området, bør dette tas via plan.

Det er ikkje lov å leggje til rette for uteopphaldsareal slik at ein sperrar ute ålmenta, slik det er vist av innsendt dokumentasjon. Fylkesmannen ber difor kommunen følgja opp inngjerda utomhusareal.

Fylkesmannen rår i frå at det vært gjeve dispensasjon.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Arve Meidell e.f.
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.